



Fylkesmannen i Hordaland

INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS
Bjørkemoen 60
5709 Voss

Bergen, 11. juni 2018

Sendt på e-post til: sven.ramstad@ihm.no og oyvind.birkeland@ihm.no

Dykkar ref.:
Sven Gunnar Ramstad

Vår ref.(oppgi ved svar):
2015/3921
Sakshandsamar:
Nina Vadøy

Endeleg rapport frå inspeksjon ved IHM Bjørkemoen Gjenbruksstasjon

Kontrollnummer: 2018.041.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Sven Gunnar Ramstad, Øyvind Birkeland
og Einar Skeie

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Nina Vadøy og Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved IHM Bjørkemoen Gjenbruksstasjon den 15. mars 2018. IHM har kommentert på rapporten i brev av 19. april 2018. Vi har vurdert tilbakemeldingane, men ser ikkje grunn til å endre rapporten. Rapporten er no endeleg. Fylkesmannen sendte 8. juni 2018 utkast til løyve til mottak av farleg avfall.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll for ytre miljø
- farleg avfall

Avvikene er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Nina Vadøy
overingeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Kopi til: Voss kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS	
Organisasjonsnr.: 874834742	Eigd av: 971155876
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: IHM Bjørkemoen Gjenbrukstasjon	Anleggsnr.: 1235.0036.01
Kommune: Voss	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall - mottak og mellomagring	
Løyve gitt: -	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for mottak og mellomagring av farleg avfall. Aksjonen er landsdekkande.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering, finansiell sikring
- Utsleppskontroll
- Internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap

Rapporten gjeld avvik som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

IHM Bjørkemoen Gjenbruksstasjon pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at IHM Bjørkemoen Gjenbruksstasjon innan 15. juni 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Nina Vadøy.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda på tilsynsdagen 15. mars 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda utan løyve etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventna ressursbruk må IHM Bjørkemoen Gjenbruksstasjon betale eit gebyr på kr 22 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:

Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7
- Avfallsforskrifta § 11-7 e)

Kommentarar til regelverket:

Risikovurdering

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Rutinar og avvikshandtering

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

Kommunale ordningar med unntak frå kravet om løyvet

Kommunale ordningar for mottak av farleg avfall har unntak frå krav om løyve. Mottaksordningar som er omfatta av dette unntaket er tillate å ta imot inntil 1500 kg farleg avfall per år per avfallskunde.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Risikovurdering

Utandørs lagring av impregnert trevirke, asbest og brannapparat som kunne vere farleg avfall var ikkje risikovurdert.

Rutinar

Verksemda har ikkje rutine for å registrere mengde farleg avfall per år per avfallskunde som skal sikre at verksemda ikkje tek imot meir enn grensa på 1500 kg farleg avfall per avfallskunde. Det vart opplyst at ved mottak av impregnert trevirke og kreosot frå verksemdar blir det tatt imot meir enn 1500 kg per kunde.

Verksemda har søkt om å auke grensa for maksimalt farleg avfall på lager frå 50 tonn til 150 tonn. Fylkesmannen har ikkje behandla søknaden.

Verksemda har ikkje ei skriftleg rutine for kvalitetssikring av mottakar av vidarelevert farleg avfall. Det vart opplyst at verksemda har ei innkjøpsrutine som skulle ettersendast. Fylkesmannen har ikkje fått denne tilsendt.

Verksemda har ikkje ei god nok rutine som sikrar at ikkje avfallstypar det blir mottatt lite av blir lagra lenger enn 6 månader. Det vart opplyst at herdarar kunne bli lagra mellom 6-9 månadar før vidarelevering.

Avvikshandtering

Verksemda fekk avvik frå Franzefoss Gjenvinning på feillevering før jula 2017. Dette var ikkje handtert i avvikssystemet, men verksemda hadde handtert det i praksis.

Avvik 2:

Merking av farleg avfall var mangelfull

Avvik frå:

Avfallsforskrifta kapittel § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall

Kommentar til regelverket:

Forsvarleg oppbevaring av farleg avfall inneber orden og oversikt over avfallet ved ryddig og åtskilt plassering, tydeleg merking mv. Emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjemaets løpenummer.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Følgjande merking var mangelfull:

- PCB-holdige og klorparafin-holdige vindauger var ikkje merka inne i hallen.
- Ferdig sorterte PCB-vindauger var ikkje merka med gul merking for PCB.
- Skilt ved asbest lagra utandørs mangla.

7. Merknader

Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Løyve til handtering av avfall

IHM Bjørkemoen har eit løyve til avfallsdeponi datert 29. juni 2009. Løyvet omfattar også følgjande aktivitetar som verksemda har i dag:

- Omlastingshall for hushalds- og næringsavfall
- Komposteringsanlegg for hage- og parkavfall
- Kverning av trevirke
- Sorteringsplass for avfallskontroll og blanda avfallsfraksjonar
- Mellomlager av utsorterte avfallsfraksjonar
- Gjenbruksstasjon for hushald og næringsverksemd

I tillegg kvernar verksemda restavfall. Dette er alle aktivitetar som dei siste åra har fått strengare krav til handtering. IHM Bjørkemoen må derfor søkje om endra løyve for alle aktivitetane sine med unntak av deponi. Søknadsskjema med vedlegg ligg vedlagt.

Informasjon om handtering av vindauger som inneheld ftalater og asbest

Vindauger som ikkje er farleg avfall på grunn av innhald av PCB- eller klorparafin kan innehalde ftalater eller asbest (Thermopane-vindauger). Miljødirektoratet har i samband med aksjonen opplyst at dei på generelt grunnlag ikkje har tatt stilling til om desse vindauga er farleg avfall. Fugene vil ofte vere farleg avfall, men det er usikkert om heile vindauger er farleg avfall. Desse vindauga må likevel handterast forsvarleg. Dersom desse

vindauga blir kasta i restavfallet vil vindauget knuse og det vil vere fare for at vindauget kjem over grenseverdien for farleg avfall. I tillegg kan eksponeringsfaren for asbest auke. Slike vindauge skal derfor ikkje kastast i restavfallet, men leverast heile.

Informasjon om lagring av EE-avfall

Lagring av EE-avfall var ikkje tema under aksjonen. Vi vil likevel understreke at EE-avfall inkludert kvitevarer skal lagrast forsvarleg. For dette avfallet vil lagring på fast dekke og skjerming for vêr og vind normalt vere nødvendig. Lagring av avfallet må risikovurderast.

Informasjon om dokumentasjon ved levering av avfall til utlandet

Når 1. mottakar av farleg avfall er i utlandet, skal ein ikkje bruke avfallsdeklarering.no, men leveringa må gå fram av journalen. I tillegg må verksemda ha dokumentasjon på at avfallet er levert til lovleg anlegg i form av følgjedokument eller liknande dokumentasjon. Miljødirektoratet er mynde.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta